

På stengrunn

Arbeidarrørsla i framvekst

☛ I Noreg skjedde det ei industriell og politisk omvelting i første halvdel av 1900-talet. Store industriverksemder voks fram. Dei gav arbeid til mange, men skapte også ein ny samfunnsklasse av rotlause arbeidarar busette i slumkvartera i byane. Her var det stor sosial nød og lite hjelp å få.

☛ Framtidsoptimismen som prega tida rundt hundreårsskiftet, fekk ein alvorleg knekk da den første verdskrigen braut ut i 1914. Industrielle nyvinningar som skulle gi menneska eit betre liv, vart til masseødeleggingsvåpen på slagmarka. Gamle europeiske kulturnasjonar som Tyskland og Frankrike førte ein skyttargravskrig der tusentals soldatar på begge sider vart slakta ned for å erobre nokre få kvadratmeter jord.

☛ I lys av det som hende på slagmarka, fekk ideane til den tyske filosofen Nietzsche vind i segla. Han hevda at Gud var død, og at menneska frå no av måtte tenkje nytt om kva som var sant og ikkje sant, og kva for verdier det nye samfunnet skulle byggje på.

☛ For mange stod arbeidarrørsla fram som ei internasjonal rørsla som heva seg over særinteressene til stormakter og kapitaleigarar. Klasseskilnadene mellom rike og fattige gav næring til sosial uro. Delar av arbeidarrørsla vart radikalisert, både ute i Europa og i Noreg. Førebiletet var den russiske revolusjonen i 1917, tufta på marxistisk ideologi. I tråd med dette kravde arbeidarane eigedomsretten til jord og produksjonsmiddel.

Ein ekte austkantdiktar

☞ Rudolf

William Nilsen (1901–1929) var ein ekte austkantdiktar. Han var fødd på Vålerenga i Oslo, som den gong heitte Kristiania. Faren var jernarbeidar på Nylands Mekaniske Verksted. Etter at foreldra skilde seg, voks sonen opp hos mora, som livnærte seg som sydame. Oppveksten kom til å prege både samfunnsengasjementet og heile forfattarskapen til Rudolf Nilsen:



Rudolf Nilsen. Foto: Scanpix

*Jeg kom til verden i en murstensgård
og ble en gategutt.
Og ingen gategutt er født i går,
han finner tidlig både skyteskår
og krutt.*



Fredensborg i Oslo. Foto: Ingvald Møllerstad / Aftenposten / Scanpix



Rudolf Nilsen blei kalt
Rulle blant venner



Rudolf Nilsen i
Byarkivet



☞ I diktet «Nr. 13» skildrar Rudolf Nilsen korleis det er å vekse opp i gråbeingsgardane på austkanten i Oslo. Menneska som bur i nr. 13, er skildra med både varme, humor og ironi. Diktet er ei ekte folkelivsskildring frå austkanten. Men forfattaren minner oss på at dei som bur der, deler lagnad med arbeidrarar over heile verda – nr. 13 finst alle stader der fattigfolk bur.



Enerhaugen.
Foto: NTB /
Scanpix

*De spør hvor Nr. 13 er –
vår kjære gamle gård?
Den ligger inni gaten her,
hvor nummer «13» står,
og De kan se hvor svær den er,
så langt kvartalet når.*



*Den største gård i gaten,
men det finnes mange fler
i andre gater her i byen,
hvis De bare går og ser –
skjønt ingen er så mørk og svart
som Nr. 13 mer.*

*Det finnes mange fler
i andre byer her på jord,
det er milevis av gater –
der hvor fattigfolket bor –
ja, De finner Nr. 13 helst
i byers øst og nord.*

På stengrunn

☛ Den første diktsamlinga til Rudolf Nilsen kom ut i 1925 med tittelen *På stengrunn*. I denne diktsamlinga skildrar han livet til vanlege arbeidsfolk aust for Akerselva. Livet er hardt, og gledene er få. Men djupt i alle lever lengten etter eit betre liv.

*De unge bjerkene i svarte byen
de står og bruser med sitt lyse løv,
som om de åndet store skogers vårluft
og ikke skorstensrøk og gatestøv.*



Gamle Vika med Akers Mekaniske Verksted i bakgrunnen.
Foto: Scanpix

☛ Trass i dette er det få diktarar som har skildra livet i storbyen med større kjærleik enn Rudolf Nilsen. I det urbane samfunnet er alt skapt av menneske og underlagt menneskeleg kontroll. Hos realisten og ateisten Rudolf Nilsen er det ikkje plass til metafysikk og religion.

*Og varm av lykke går jeg her og kjenner
i dette dyp har jeg mitt hjem, min rot.
For her er allting skapt av men'skehender –
fra lyset ned til stenen ved min fot.
Her blinker ingen stjerner gjennom natten
som stumme trusler om en evighet,
her visker ikke mulmet mot mitt øre
sin uforståelige hem'lighet.*

☛ I 1920-åra var forfattarar som Olav Duun og Sigrid Undset opptekne av det etiske ansvaret som den enkelte har for slekta og for lokalsamfunnet han eller ho er ein del av. I forfattarskapen sin peiker Rudolf Nilsen på ei ny form for slektskap og forplikting: Arbeidarklassen er den nye

slekta, og dei som høyrer til arbeidarklassen, er etisk forplikta til å ta del i klassekampen.

*Jeg kjenner en mening med livet.
Det er at du gjør din plikt
i stort og i smått mot din klasse –
i handling, i tanke og dikt.*

*Det er at du aldri gir etter
for løfter om laurer og lønn,
men trossig og hatefull kjemper
for rettferd og fred for din sønn.*

*Ti selv har du intet å håpe.
Lykken er ikke for deg.
For fremtidens slekt skal du åpne
en bedre og lysere vei.*

*Jeg kjenner en mening med livet.
Det er i de navnløses hær
å kjempe for arbeiderklassen
med tanke og sang og gevær.*



«De navnløses hær» ved ein 1. mai-demonstrasjon i Oslo i 1935.
Foto: NTB / Scanpix

«Revolusjonens røst»

☞ Alt som gymnasiast var Rudolf Nilsen politisk interessert. I 1919 melde han seg inn i Norges Socialdemokratiske Ungdomsforbund. Da arbeidarrørsla vart politisk splitta i 1923, valde Rudolf Nilsen den revolusjonære linja som Norges Kommunistiske Parti stod for.

☞ Våpenet hans var pennen. Han skreiv både artiklar, petitar og dikt, og i ein periode var han tilsett som journalist i NKP-organet Norges Kommunistblad.

☞ Alt han skreiv, både som journalist og forfattar, er farga av innsyn i dei vilkåra arbeidarklassen levde under, og av ein revolusjonær glød inspirert av den russiske revolusjonen i 1917. Dei russiske arbeidarane hadde styrta tsarveldet og skapt ein ny samfunnsorden. Dette



vart føredømet for den radikale delen av arbeidarrørsla i Noreg. Meir enn nokon annan norsk forfattar kan Rudolf Nilsen derfor kallast «revolusjonens røst».

☞ I slutten av diktet «Nr. 13» møter vi dei som skal endre kåra for arbeidsfolk i Noreg, inspirert av marxistisk tankegods:

Men ennå våker noen.

*Det er ganske unge menn,
som bøyet over bøker
leter drømmen frem igjen,
slik den engang strålte
om en vismanns gylne penn!*

*Denne drøm som natten avler
og som dagen slår i hjel
om Atlantis, Utopia –
om en bedre lodd og del
enn et liv, hvor andre eier
selv ens hjerte og ens sjel.*

*Og det raser i de unges
bitre hjerte: Våk og lær,
at du klart og nært og kaldt
igjennom drømmens gylne skjær
ser veien til et land,
hvor Nr. 13 ikke er!*

☞ I diktet «Revolusjonens røst» kjem den revolusjonære, kommunistiske budskapet enda tydelegare fram.

☞ Diktet uttrykkjer ei overtyding om at målet om eit rettferdig samfunn berre kan nåast gjennom kamp med livet som innsats. Lesarane blir oppmoda til å ta del i denne kampen. I siste strofe blir dei som er villige til å gi livet sitt, bedne om å melde seg til teneste. Trur vi på noko, må vi kjempe for det, elles er ikkje trua vår noko verd.

*Ja, gi meg de beste blant dere,
og jeg skal gi dere alt.
Ingen kan vite før seieren er min,
hvor meget det virkelig gjaldt.
Kan hende det gjelder å redde vår jord.
De beste blant dere er kalt.*



*Då arbeidarrørsla blei splitta på
1920-tallet slutta Rudolf Nilsen seg
til Norges kommunistiske parti*

Kamplyrikk

☛ Dikta til Rudolf Nilsen har *strofeform*: Alle avsnitta er bygde opp likt, og dei har fast rim og rytme. Eit anna typisk trekk er at rimorda ofte har såkalla *mannleg* utgang – dei endar på trykktung staving, som for eksempel i diktet «Revolusjonens røst»:

*Gi mig de rene og ranke,
de faste og sterke menn,
de som har tålmod og vilje
og aldri i livet går hen
og selger min store tanke,
men kjemper til døden for den.*



Avdukinga av monumentet over Rudolf Nilsen på Rudolf Nilsens plass i Oslo 1. mai 1954. Foto: NTB / Scanpix

☛ Mannleg utgang på verselinja er med på å skape eit kontant og bestemt uttrykk. I «Revolusjonens røst» rimar dessutan alle linjene i strofa på kvarandre, slik at rimorda kjem tett i tett. Rimet verkar insisterande og er med på å hamre den steile budskapet inn i lesaren.

☛ Språket i dikta til Nilsen er endeframt og direkte. Forfattaren nyttar enkle bilete henta frå kvardagslivet, og ord som vekker sterke kjensler. Rim og rytme understrekar innhaldet. Målet er å påverke lesarane og mane til handling.

☛ Ei samnemning for denne typen lyrikk er *kamplyrikk*. Andre forfattarar som seinare skreiv på same måten, er Arnulf Øverland og Nordahl Grieg. Det kanskje mest berømte norske kampdiktet er likevel skriva av ei kvinne. Det er Inger Hagerups «Aust-Vågøy. 1941», som manar til motstand mot tyskarane under andre den andre verdskrigen.

Frå Rudolf Nilsen til Lillebjørn Nilsen

☞ Rudolf Nilsen meinte at forfattaren ikkje kunne la vere å ta stilling i klassekampen. Pennen skulle brukast som eit våpen for revolusjonen. Dette synet på forfattarrolla går att hos radikale forfattarar tidleg i 1970-åra, som for eksempel Dag Solstad. Forfattarane skulle skrive for folket, og litteraturen skulle tene arbeidarklassen.

☞ Dei kjende visesongarane Lillebjørn Nilsen, Lars Klevstrand, Jon Arne Corell og Kari Svendsen gav ut musikkalbumet «På stengrunn» i 1973. Visene til Rudolf Nilsen vart mykje nytta da den radikale ungdomsrørsla mana til opprør mot det etablerte samfunnet i 1970-åra. Vi kan derfor seie at det går ei linje frå Rudolf Nilsen til Lillebjørn Nilsen.

☞ Desse to lyrikarane har også noko anna felles. Begge er urbane forfattarar som skildrar livet på austkanten i Oslo på ein realistisk måte, men med stor kjærleik til miljøet og menneska som lever der.



Visesongaren Lars Klevstrand ved statuen av Rudolf Nilsen.
Foto: VG / Scanpix



Gry Waage les Gunnar Reiss-Andersen
sine minneord om Rudolf Nilsen

